

Protokoll frå revisjonsutvalsmøte i Helse Vest RHF

DATO: 30.09.2014
MØTESTAD: Helse Vest RHF

Utvalsmøtet var ope for publikum og presse

Deltakarar frå utvalet

| | |
|-----------------|--------|
| Lise Reinertsen | Leiar |
| Reidun Johansen | Medlem |
| Gunnar Berge | Medlem |

Ingen forfall

Deltakarar frå administrasjonen

Eigardirektør Ivar Eriksen, deler av møtet

Økonomi- og finansdirektør Per Karlsen hadde forfall

Deltakarar frå internrevisjonen

Leiar for internrevisjonen Bård Humberset (sekretær for komiteen)
Internrevisorane Haakon Totland og Lene Lie deltok på deler av møtet

Eksterne:

Konsernrekneskapsjef i Helse Vest, Berit Bore deltok under behandlinga av sak 24/14
Partner Tommy Lothe og manager Arve Grude frå Ernst & Young deltok under behandlinga av sak 25/14

Sakliste

Sak 22/14 B Godkjenning av innkalling og dagsorden
Sak 23/14 B Protokoll frå møte i revisjonsutvalet 03.03.2014
Sak 24/14 O Tertialrapportering og rekneskap
Sak 25/14 O Planar for ekstern revisjon 2014
Sak 26/14 O Orienteringar med prosjektstatus frå internrevisor
Sak 27/14 B Oppfølging av prosjekt om TSB
Sak 28/14 B Internrevisjon av MTU – rapport
Sak 29/14 B Internrevisjon av tvang - rapport
Sak 30/14 B Revisjonsutvalet sin aktivitetsplan 2014-2015
Sak 31/14 O Vidare arbeid med revisjonsplan 2015
Sak 32/14 B Eventuelt

Sak 22/14 B Godkjenning av innkalling og dagsorden

Vedtak (samrøystes):

Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

Sak 23/14 B Protokoll frå møte i revisjonsutvalet 22.05.2014

Vedtak (samrøystes):

Revisjonsutvalet godkjenner protokollen frå møte 22.05.2014.

Sak 24/14 O Tertialrapportering og rekneskap

Oppsummering:

Konsernrekneskapsjef Berit Bore hadde ein gjennomgang av siste tilgjengelege tal for konsernet. Det gjeld augusttala som vil bli rapportert til HOD. Utvalet drøfta framlegget og fekk svar på sine spørsmål.

Vedtak (samrøystes):

Utvalet tar saka til orientering.

Sak 25/14 O Planar for ekstern revisjon 2014

Oppsummering:

Partner Tommy Lothe og manager Arve Grude frå Ernst & Young var inviterte til å gå gjennom sine planar for kommande revisjon og komme med innspel til ny plan for internrevisjon. Revisjonsselskapet presenterte tidsplan og innhald i revisjonen i regionen og bad òg utvalet komme med ønskjer til sitt arbeid.

Dei tema ekstern revisor spela inn til internrevisjon var (med nokre fleire stikkord): Anleggsmidlar/Anlegg under utføring (korrekt føring til rett tid/aktivering, prosjektmetodikk, avsette midlar til vedlikehald (rutinar/krav)); Lønn (volum - fare for systemfeil, overlegeavsetningar/permisjonar?); GAT (korrekte data inn og ut).

Utvalet drøfta framlegget og fekk svar på sine spørsmål.

Vedtak (samrøystes):

Utvalet tar saka til orientering.

Sak 26/14 O Orienteringar med prosjektstatus frå internrevisor

Oppsummering:

Det var i sakframlegget lagt ved eit prosjektmandat for gjennomgang av innkjøpsområdet i føretaksgruppa, med vekt på oppfølging av rammeavtalar for kjøp av varer. Prosjektperiode vil være hausten 2014. Det vart stilt spørsmål om prosjektet ville gå inn på avtalane om innleie av helsepersonell, men internrevisor responderte at det eventuelt vil måtte bli gjort på eit seinare tidspunkt.

Internrevisor gjekk gjennom status på andre vedtekne prosjekt, med vekt på følgjande:

Revisjonen på rehabiliteringsområdet må gjennom ein del innleiande drøftingar med administrasjonen før ein konkluderer på avgrensinga. Det er planlagt ein såkalla fagrevisjon på dette feltet seinare i år, og det er tidlegare i år gjort ein fagrevisjon på hjerneslag.

Internrevisor tok opp spørsmål om ein burde nedprioritere prosjektet innan økonomistyring. Formålet er dels å frigjøre kapasitet i internrevisjonen slik at ein kan arbeide fram ein revidert, ny plan for internrevisjon for perioden 2015-2016, og stå klar til å starte prosjekt når denne venteleg er vedtatt av styret på nyåret. Vidare er det komme argument om at tematikken er mindre aktuell nå enn då det kom inn i revisjonsplanen. Utvalet ga sin tilslutning til konklusjonen og ønskjer samtidig at økonomistyring blir vurdert som tema i ny revisjonsplan, gjerne på spissa område.

Vedtak (samrøystes):

Utvalet tar saka til orientering.

Sak 27/14 B Oppfølging av prosjekt om TSB

Oppsummering:

Dette var ein tidligare internrevisjonsrapport som revisjonsutvalet også tidlegare (03.12.2013) var blitt orientert om status på kva gjeld oppfølginga i RHF-et og HF-a. Utvalet bad den gang om ny statusrapport våren 2014. Det var denne statusrapporten som nå låg til behandling etter at ikkje alle føretak hadde levert tilbakemelding til utvalet sitt møte (22.05.2014).

Utvalet gjekk i si drøfting inn på både form og innhald. Utvalet bad internrevisor arbeide for bruk av felles mal for utarbeiding og statusrapportering av føretaka sine handlingsplanar. Utvalet var elles tilfreds med tilbakemeldingane frå føretaka og meinte det var svært nyttig lesing også på det framlagte detaljeringsnivå.

Vedtak (samrøystes):

Revisjonsutvalet tar sak om oppfølging til orientering og ber om at styret blir orientert om behandlinga i utvalet.

Sak 28/14 B Internrevisjon av MTU – rapport

Oppsummering:

Rapport frå internrevisjon av medisinsk-teknisk utstyr var framlagt til behandling. Internrevisor Haakon Totland presenterte rapporten for utvalet. Utvalet hadde ei brei drøfting av innhaldet og sakskomplekset. Utvalet fann særleg grunn til å framheve dei grunnleggjande som går fram av side 34 i rapporten.

Rapporten er blitt sendt fire helseføretak med oppmoding om å legge den fram for styra. Den blir etter behandlinga i revisjonsutvalet òg sendt RHF-styret. Utvalet ønskjer å anbefale vidareføring av praksisen med at styret sin behandling skjer samtidig med administrasjonen sitt saksframlegg knytt til å oppfølging av rapporten.

Vedtak (samrøystes):

Revisjonsutvalet sluttar seg til tilrådingane i rapporten og ber om å bli orientert om det vidare arbeidet med oppfølging av dei tiltak som føretaka sett i verk.

Sak 29/14 B Internrevisjon av tvang - rapport

Oppsummering:

Rapport frå internrevisjon av tvang innan psykisk helse var framlagt til behandling. Internrevisor Lene Lie presenterte rapporten for utvalet. Utvalet hadde ei brei drøfting av innhaldet og sakskomplekset.

Det er lagt opp til same prosess for framlegging av denne rapport i styra som for rapporten om MTU.

Vedtak (samrøystes):

1. Revisjonsutvalet sluttar seg til tilrådingane i rapporten og ber om å bli orientert om det vidare arbeidet med oppfølging av dei tiltak som føretaka sett i verk.
2. Utvalet anbefalar at RHF-et engasjerer seg aktivt i oppfølging av tilrådingane i rapporten.

Sak 30/14 B Revisjonsutvalet sin aktivitetsplan 2014-2015

Oppsummering:

Utvalet drøfta seg fram til justeringar i aktivitetsplanen for 2014. Reidun Johansen gjorde merksam på at ho vil tre ut av revisjonsutvalet etter nyvalet til styret til vinteren. Utvalet bad internrevisor sjå på moglegheitene for studietur eller på annan måte hente inn erfaringar frå korleis ein legg opp arbeidet med internrevisjon/revisjonsutval andre stader.

Følgjande møteplan og aktivitetar blir lagt til grunn i 2015

- 12. februar kl. 09-12, Stavanger: Revisjonsrapportar, Årsrapport 2014
- 31. mars kl. 09-13, Stavanger: Årsrekneskap og revisjonsberetning Helse Vest
- 17. juni kl. 12-16, Bergen

14. oktober kl. 09-15, Stavanger: Plan for ekstern revisjon
3. desember kl. 09-12, Stavanger

Vedtak (samrøystes):

1. Revisjonsutvalet tar oppdatert aktivitetsplan til orientering.
2. Revisjonsutvalet vedtar møteplanen for 2015.

Sak 31/14 O Vidare arbeid med revisjonsplan 2015

Oppsummering:

Proessen med å utarbeide ein ny revisjonsplan går gjennom fleire steg. Dette møtet var andre gang tematikken var til behandling i utvalet. Til møtet låg det føre førebels innspel til tematikk, og på møtet var det i behandling av sakene 25 og 26 komne fram fleire.

Store anskaffingar/utbyggingar/anlegg

- F.eks. kostnader/estimering, oppfølging/gjennomføring, aktivering av kostnader
- Proessar rundt planlegging av bygg: Når blir viktige beslutningar tatt, kven har hvilke roller i beslutningsproessen?

Oppfølging av avtalar med private, både avtalespesialistar og institusjonar

- IKT-sikkerhet og arbeidsproesser - har vi system som snakkar godt saman (pasientrelatert, tilsettrelatert)

Andre stikkord notert i møtet:

- Fritt behandlingsval
- Oppfølging av rapport om tvangsbruk – kvaliteten på talmaterialet
- Samanlikning av strykpresenter i offentlege versus private einingar
- Rus
- B-preparat, særlig avfallshandtering og mellomlagring
- Personellinnleie etter rammeavtalar
- Lønn, jf. eksternrevisor sitt innspel,
- Kultur og haldningar knytt til rutinar og regler
- Omdømme
- Rekruttering/kompetansestyling i samarbeid med universiteta
- Effektivitet i proessar og kor gode vi til å lære av kvarandre, f.eks. Synergi og undersøkingar blant pasientar og medarbeidarar.

Utvalet bad internrevisor ta med seg desse innspela for ei vidareutvikling av plangrunnlaget, og kombinere det med dei andre kjeldene. Utvalsleiar peika på at ho ville sjå om det var mulig å få ein innleiande runde med heile RHF-styret.

Det ligg elles til grunn at utvalet skal ha fleire drøftingar av planen og at den blir lagt fram for styret til vinteren med ei tilråding.

Vedtak (samrøystes):

Revisjonsutvalet tar saka til orientering og ber om å få framlagt forslag til ny revisjonsplan på desembermøtet.

Sak 32/14 B Eventuelt

Det var ingen saker til eventuelt.

30.09.2014

Ref. Bård Humberset

Lise Reinertsen (Leiar)

Reidun Johansen (Medlem)

Gunnar Berge (Medlem)